

Raymond Skaar  
Hesthaugen 60 B  
5211 Os

Dato: 01.06.2017  
Vår ref.: 2017/1522-21  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.:

## Avslag på søknad om tilskot til viltformål 2017 – Uttak av mink i fuglefredningsområder

Det vert vist til dykkar søknad datert 12.01.2017 om tilskot til viltformål – til prosjekt Uttak av mink i fuglefredningsområder. Søknaden vart fremja i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet (ESS), under den statlege tilskotsposten til viltformål, kap. 1425 post 71, med søknadsfrist 15.01.2017. Søknaden sin referanse i ESS er 17S68BEF.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama sak om tilskot til viltformål i møte 16.05.2017, sak PS 78/2017. Der fekk diverre søknaden avslag.

### Grunngjeving

Det vert vist til søknadvurderingane i saksframlegget og til vedtaket i saksprotokollen.

Lenkje til saksframlegg med søknadvurdering: <http://bit.ly/2q75Bui>

Lenkje til saksprotokoll med vedtak: <http://bit.ly/2qcTzeV>

Som det går fram av saksframlegget fekk Hordaland fylkeskommune, i brev frå Miljødirektoratet datert 22.02.2017, kr 400 000 til vidare fordeling under tilskotsposten. Hordaland fylkeskommune mottok i år i alt 11 søknader, med samla omsøkt tilskot frå fylkeskommunen på kr 738 000. Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for tilskotsordninga ligg til grunn ved søknadvurderingane. Under tilskotsposten er det føresett samordna søknadshandsaming med søknader som er adressert til Fylkesmannen og søknader under andre statlege tilskotsordningar som er adressert til fylkeskommunen.

Under tilskotsposten til viltformål, var søknaden også adressert til Fylkesmannen i Hordaland. Etter samordna søknadshandsaming vart det rådd til å ikkje gje tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

### Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til viltformål, då desse er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 28.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klagt over, årsaka til at det vert klagt og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Jomar Ragnhildstveit på epost [jomar.ragnhildstveit@hfk.no](mailto:jomar.ragnhildstveit@hfk.no), eller telefon 976 66 576. Lukke til vidare med dykkar arbeid!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø  
klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*